



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 29.02.2016

Vår ref.: 2014/9712

Arkivnr.: 432.4

Adresseliste

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmroost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Godkjenning av forvaltningsplan for Kyllsvatnet naturreservat

Fylkesmannen i Rogaland har nå eigengodkjent forvaltningsplanen for Kyllsvatnet naturreservat i Sandnes kommune. Det kom fire høyringsinnspel til planen, og desse er samanfatta og kommentert. Der det er funne føremålstenleg, har innspela blitt tatt inn i planen. Godkjent plan er å finna på Fylkesmannen i Rogaland sine heimesider.

Fylkesmannen i Rogaland har nå eigengodkjent forvaltningsplanen for Kyllsvatnet naturreservat. Planen har vore på lokal høyring i samsvar med nasjonale retningslinjer. Tor A. Lomeland, Museum Stavanger AS, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag og Sandnes kommune har kome med høyringsinnspel. Vedlagt følgjer ei samanfating av dei fire innspela til planen, med Fylkesmannens kommentarar under. Der blir det også gjort greie for dei delane som er tatt inn i ferdig plan.

Godkjent forvaltningsplan for Kyllsvatnet vil bli lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin heimesider, <https://www.fylkesmannen.no/rogaland/>.

Forvaltningsplanen for Kyllsvatnet naturreservat er såleis gjort gjeldane.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. Fylkesmiljøvernsjef

Ørjan Simonsen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Ørjan Simonsen
Saksbehandlar telefon: 51568905
E-post: fmroost@fylkesmannen.no

Kopi til:
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM

Vedlegg:
Samandrag av innspel til forvaltningsplan for Kyllsvatnet naturreservat

Samandrag av innspel til forvaltningsplan for Kyllsvatnet naturreservat

Tor A. Lomeland

Tor A. Lomeland er grunneigar med god kjennskap til området. Han syner til at vassdraget blei senka med ca. 4 meter vinteren 1864-65. Dette skjedd ved at utlaupet blei utvida til ca. 5 meter breidde ved sprenging. Som ein konsekvens blei ca. 2000 da landbruksareal tørrlagt. I periodar med mykje nedbør, blei desse areala likevel dekt til med vatn.

Etter ein lang prosess, blei det vinteren 1984-85 gjennomført flomsikringsarbeid ved at utlaupet ytterligare blei utvida, nå til 35 meter. Etter flomsenkinga, blei høgaste målte vasstand senka med ca. 2 meter, til 50 cm.

Lomeland tviler på at flyfoto frå 1937 (figur 2) i planen syner eit anna vassareal enn flyfoto frå 2013 (figur 3), sidan det på denne tida kunne vere over 2 meter variasjon i vasstanden. Han presiserer at gjerdet mellom bruka 9/9 og 9/16 blei delvis fjerna i 1990 grunna inngått samarbeid mellom grunneigarane. Det er den fjerna delen som nå er satt opp igjen. Han poengterer vidare at det framleis er tillat å gjødsla 40 da av området som høyrer til bruk 9/9, jf. avsagt skjønnsdom.

I høyringsinnspellet til Lomeland syner han til at kloakk som før gjekk dårleg reinsa ut i Svilandsåna, nå blir pumpa over i det kommunale kloakkanlegget, og at dette med tida vil betre vasskvaliteten. Han nemner også at rømt mink fleire gonger er fanga i området, og at bever er ny art for vassdraget. Så meiner han at «senegrass» bør fjernast mekanisk, då verken sau eller storfe beiter dette når det er så etablert som nå.

Fylkesmannen i Rogaland – kommentarar

Fylkesmannen i Rogaland vil endre dei feil og manglar som er kommentert, og i dialog med grunneigarane følgje opp dei innspel som Tor A. Lomeland har kome med i forhold til skjøtsel.

Museum Stavanger AS

Museum Stavanger AS skriver at det verken er gjennomført undersøkingar eller er kjente funn av automatisk fredag kulturminner i naturreservatet. Vassdraget som Kyllsvatnet er ein del av, har likevel svært interessante arkeologisk funn.

Fylkesmannen i Rogaland – kommentarar

Fylkesmannen i Rogaland vil legge vekt på dialog med Museum Stavanger AS i forkant av alle skjøtseltiltak som vil kunne reise spørsmål i høve til automatisk freda kulturminner.

Rogaland Bonde- og Småbrukarlag

Rogaland Bonde- og Småbrukarlag skriv at det er viktig med fortsatt beiting av både storfe og småfe i reservatet, og støttar nedkjempinga av ugras som forvaltningsplanen legg opp til. Dei rår elles til at tistel generelt vert lagt inn som ikkje ønska, og nemner spesielt vegtistel.

Så meiner Rogaland Bonde- og Småbrukarlag at ein må kunne nytta påhengsmotor på Svilandsåna, og at det burde vore reinska litt opp i elva. Til slutt presiserer dei at rett namn på innsjøen er Kyllsvatnet.

Fylkesmannen i Rogaland – kommentarar

Vi er samde i at beiting av både storfe og småfe er føremålstenleg, og ser på dette som den optimale løysinga for å halde vegetasjonen nede. Ein føresetnad er at det skjer på ein måte som tener verneverdiane. Sjølv om myrtistel er nemnt spesielt av tistelartane når det gjeld å halde desse under kontroll, vil og dei andre tistelartane overvakast, og tiltak sett i verk om dei blir for dominerande. Innanfor vernegrensene vil det i samsvar med verneforskrifta vere forbod mot motorisert ferdsl.

Utanfor vernegrensene gjeld Sandnes kommune sine reglar om motorferdsle i Ims-Lutsi vassdraget. Å reinska opp i Svilandsåna vil måtte vurderast nærare i høve anna prioritert skjøtsel.

Språkrådet, Stadnamntenesta for Vestlandet, stadfester at godkjend og tilrådd namn på innsjøen er Kylllesvatnet. Kydlesvatnet er også eit godkjent namn, men altså ikkje tilrådd. Me vel difor å nytta namnet Kylllesvatnet naturreservat. Ved eventuell revisjon av verneforskrifta vil namneendringa bli tatt til følgje.

Sandnes kommune

I kommuneplanen for Sandnes, arealdelen, er Kylllesvatnet naturreservat vist som «Båndlegging naturvern». I Miljøplan for Sandnes, som er ein del av kommuneplanen, er det formulert mål og retningslinjer for forvaltninga av naturreservatet som er i samsvar med verneforskrifta. I miljøplanen er området også beskrive under «Undervisningsområder for skoler og barnehager». I tillegg har kommunen laga eit eige hefte om grøne undervisningsområder i Sandnes, samt fleire undervisningshefter for utvalde naturtypar og områder. Kommunen vil gjerne utvikle dette undervisningsmaterialet vidare, og gjerne i partnerskap med t.d. Fylkesmannen.

Kommunen skriv at dei gjerne støtter arbeidet med å auke kunnskapen om viktige tilhøve i eller relatert til naturreservatet, også ut over dei bidrag dei gir inn i arbeidet med vassovervaking.

Sandnes aust er eit stort framtidig utbyggingsområde, og kommunen vil utgreia konsekvensane av utbygginga for Svilandsåna og Kylllesvatnet, som og omfattar naturreservatet.

Sandnes kommune har vedteke eiga forskrift om bruk av motorbåt i Ims-Lutsivassdraget, men støttar forvaltningsplanen sine reglar for motorferdsle i naturreservatet.

Fylkesmannen i Rogaland – kommentarar

Fylkesmannen vil legge inn i forvaltningsplanen at naturreservatet er synt som «Båndlegging naturvern» i Kommuneplan for Sandnes. Me set vidare pris på kommunen sin positive haldning til arbeidet, og vil gjerne følgje oppmodinga om samarbeid, t. d. pedagogisk arbeid og feltundersøkingar.

I heftet «Grønne undervisningsområder i Sandnes kommune» er Sviland skule ført opp som brukar av grøntområdet rundt Kylllesvatnet. Me tar denne informasjonen med oss som eit godt utgangspunkt for ev. pedagogisk samarbeid.

Utanfor naturreservatet vil reglane med største tillate motor på 5 hk, og største fart på 8 knop (3 knop i tronge sund og farvatn) gjelde. Innanfor vernegrensene vil det i samsvar med verneforskrifta vere forbod mot motorisert ferdsel.